

Referat frå årsmøte i Nysæter sokn 03.04.2022

18 medlemmer tilstades. Marit Stalheim Grimstad fekk blom som takk for 2 år som leiar i soknerådet. Jørgen og Bjarte fekk energipåfyll (sjokolade) for å fotsetja sitt gode arbeid som tilsette i kyrkjelyden.

Marit hadde ei innleiing der ho sa noko om det fyrste punktet i årsmeldinga frå soknerådet. Tru er noko me gjer saman. Det har vore vanskeleg å ikkje kunna møtast fysisk.

Kommentar: Årsmeldinga er eit flott dokumnet som fleire burde få del i. Korleis kan fleire få del i denne årsmeldinga? Kan me laga til dugnad for å dela ut til alle i soknet. Me kan ta årsmeldinga vår med ut gjennom våren. Slik at fleire av dei som kjem innom kyrkja får del i denne årsmeldinga.

Bjarte er veldig viktig for kyrkjelyden vår. Han er alltid opptimist og får ting til.

Jørgen har ordet: Han snakkar om utfordringa om å koma igang igjen med å koma på gudstenester. Korleis få til alle fellsskapa slik at kyrkja vil vera ein god plass for menneske i bygda vår framover igjen.

Bjarte har ordet: Det har vore tungt gjennom året. Men det har hendt ein del gode tilg likevel. Vart litt lei av streaming ei stund. Sanctus har lite medlemmer no, og alderen er høg på dei som er ein del av dette.

Reidun har ordet: Reidun har lagt inn eit ferdig Driftsrekneskap for 2021 som var klart til møtet. Det som stod i årsmeldinga var berre eit førebels rekneskap. Kan da lagast eit lite rekneskap med fotnotar, slik at me veit kva meir som ligg inne i dei ulike punkta i rekneskapen.

Referent Brynhild Meyer Stautland